

Til Rettskrivningsnemnda for nynorsk

25.02.2011

Høyring om revisjon av nynorskrettskrivinga

Vest-Telemark er ein region med nokre tydelege målmerke i dialekten, som også fylgjer gjeldande rettskriving i nynorsk. Eitt av desse er e-infinitiv og kløyvd infinitiv, som begge finst i regionen. Eit anna er *berre* og *bare*. Desse variantane gjev eit naturleg mangfald og spenn i både talemålet og skriftspråket.

Til pkt. 3.4.1 Infinitiv

For å halda på desse variasjonane, meiner me det vil vera feil å ta vekk den kløyvde infinitiven i nynorsk rettskriving.

I og med at ordlistene stort sett brukar e-infinitiv, ser me at mange også brukar denne forma i det skriftlege arbeidet, sjølv om dei «soknar» til kløyvd infinitiv i dialekten. A-infinitiv høyrer ikkje heime i Vest-Telemark, og vil vera framandt. Så vidt me kan skjøne er det derfor ikkje noko i vegen for å halde på kløyvd infinitiv.

Til pkt. 2.1.1. Variasjon mellom to vokalar

I strekpunktet om å demme opp mot at det offentlege og læremiddelprodusentar skal velja dei mest bokmålsnære formene, går nemnda inn for at orda *skule*, *berr* og *berre* blir eineformer.

Som nemnt er Vest-Telemarkregionen delt når det gjeld orda *berr* og *bar*, *berre*, og *bare*.

Denne variasjonen meiner me det vil vera rett å halde på, for å halde oppe mangfaldet i ein elles kulturelt og språkleg samkøyrt region.

Til punkt 2.3.1 J-en er valfri i dagens rettskriving

Nemnda ber også om synspunkt på valfri *j* i verb som *leggje/legge* og *søkjje/søke* og svake hokjønnsord som *bryggje/brygge* og *enkje/enke*. Her er me samde i framlegget frå nemnda.

Det same gjeld *stilling*, *drøyme* og *høyre*. Men me vil gjerne behalde forma *kjøre*.

Med helsing

Knut Espelid

red. Vest-Telemark blad

Lokalavis og grafisk produksjon